

## Prosjektskildring for boka *Oselvar – den levande båten*



### **Oselvar? Kva er det?**

Oselvar er ein tradisjonell klinkbygd trebåt frå Hordaland. Båttypen har vakse fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år. Oselvar-omgrepet stammar frå Os sør for Bergen. Kring 1750 er det berre to menn som driv båtbygging i Os, dei har nausta sine ståande ved utløpet av Oselva og etter dette vert båttypen kalla Oselvar. Båten vert bygd av furu og eik, total lengda kan variera frå 4,5-10,0 m. Vanlegaste storleikane er færing og seksæring, men ein finn òg både mindre og større utgåver. Oselvaren har svært gode sjøeigenskapar, kan ta mykje last, seglar godt og er svært lettrodd.

Som bruksbåt har båttypen vore vanleg frå Bømlo i sør til Fedje i nord. Ein kan trygt seie at i gammal tid var båten minst like viktig som det bilen er for folk i dag. Båten vart nytta til transport av folk, varer, dyr og ikkje minst til fiske. Oselvaren har òg ei lang soge som sportsbåt: båttypen er nytta til organisert kapproing sidan 1847, organisert kappsegling sidan 1871 og frå 1898 organiserer båtbyggjarane seg. Sidan 1978 har det vore arrangert Noregsmeisterskap i Oselvarsegling, i 1997 opna Oselvarverkstaden for å ta vare på båtbyggjarhandverket, i 2009 vart Oselvaren kåra til Norges Nasjonalbåt og Oselvarverkstaden innvigd som eit av dei første Economuseum i Europa. Forutan den organiserte aktiviteten er båttypen mykje nytta som fritidsbåt og er å finna på ei rekkje museum, både i Noreg og i utlandet.

### **Forfattar**

Kjell Magnus Økland (f. 1977) er utdanna cand. mag. frå Universitetet i Bergen med faga kulturvitskap, historie og mediefag. Han har arbeidd som journalist og historikar. Kjell Magnus er oppvaksen med kappsegling med Oselvar, har sete i styre og stell kring Oselvaren sidan 1990 og du finn meir informasjon om han på [www.oselvarbok.no](http://www.oselvarbok.no)

## **Den ferdige boka**

*Oselvar – den levande båten* vert den første samla framstillinga som rommar alle dei mange spanande sidene av saga til båttypen. Boka presenterar eit variert historisk og teknisk materiale i populærvitskapleg form, mykje av dette har ikkje tidlegare vore publisert. Vidare vil boka innehalda folkloristisk stoff med eit stort persongalleri som får redaksjonell omtale. Boka vil spegla eit bilete av kyst-, idretts- og folkekulturen i Hordaland gjennom fleire århundrer, mellom anna rommar boka stoff frå samtidige kjelder frå kvart einaste tiår attende til 1550-talet. Fokuset er likevel ikkje berre bakover, men òg framover i tid, sidan ein del av boka vil gje praktiske råd til nye båtbrukarar. Boka vert skriven på nynorsk. Vidare er det eit naturleg mål å bruka mest mogleg av både gammal og ny terminologi knytt til Oselvaren for å ta vare på dette. Boka vil òg sitera skriftlege kjelder i si opphavlege målform og bruka dialekt i skriven form, slik at lokale ord og vendingar får den naudsynste salte sjøsmaken. Boka vil ha ei grafisk utforming som gjer høve til bruk av frittståande tekstboksar, desse vil fungera som ein fri arena ved sida av hovudteksten og innehalda krydder i form av anekdotar og småhistorier.

## **Teknisk om boka**

Boka er tenkt produsert i 245x300 mm ståande format med stiv innbinding med preg på front og rygg, leseband, kapitélband, ca. 530 sider med fullfargetrykk og høg kvalitet på både papir og trykking. Boka vil innehalda både tekst, tabellar, kart, figurar og illustrasjonar i form av teikningar og fotografi. Utgjevar av boka vert Skald Forlag i samarbeid med Oselvarklubben, som er nasjonal klasseklubb for Oselvaren brukt som regattabåt. Boka vert prenta i eit førsteopplag på minst 3000 eksemplar. Boksal vil skje via bokhandlarar, internett, lokale butikkar, museum og, alt etter etterspørselen, til andre landsdelar og utlandet.

## **Mykje ukjent kjeldetilfang**

Arbeidet med boka starta for alvor i 2004 og ein var på førehand klar over at det fanst mykje spanande materiale om Oselvaren. Undervegs har det dukka opp svært mykje ukjent stoff som ingen har vore klar over. Til saman kastar dette nytt lys over dei fleste sider av saga til Oselvaren. At dette tilfanget no er samla og systematisert vert eit viktig biprodukt av bokprosjektet. Etter at boka er publisert vil Oselvarklubben gjera dette materialet tilgjengeleg i ein offentleg arkivinstitusjon.

Den opphavlege målsetjinga var at boka skulle komma ut hausten 2005. Det omfattande kjeldetilfanget har ført til at bokproduksjonen har teke lengre tid enn opphavleg tenkt. Undervegs har forfattar og bokkomité hatt møte kvar veke for å gå gjennom status og planleggja det vidare arbeidet. Arbeidet som no står att er restfinansiering, grafisk formgjeving og trykking. Boka vert lansert hausten 2016.

Du finn detaljert innhaldsoversyn for *Oselvar – den levande båten* på s 3-5. Side 6-7 viser korleis bokarbeidet handlar om mykje meir enn berre det å laga ei bok, ikkje minst har grunnlagsmaterialet til boka eit vesentleg potensiale for etterbruk. Bokprosjektet er eit stort samarbeidsprosjekt, sjå samarbeidspartnarar på side 6. Formidling undervegs har skapt internasjonal interesse, sjå s 7-9. Andre avleggjarar i kjølvatnet til boka finn du på side 9-11.

## **Oselvarklubben sin bokkomité**

Finn Totland – leiar  
Kjell Milde – regattastatistikk  
Helge Kaurin Nilsen – rådgjeving språk  
Kjell Totland – digitalisering bilete  
Kjell Magnus Økland – forfattar

## **Andre sentrale medarbeidarar:**

Oddvar Nes – korrektur  
Sverre Mo – kart og figurar  
Hallgeir Forstrønen Bjørnevik – teikningar  
Lars Nes – prosjektleiar hjå Skald Forlag  
Torill Stranger, grafisk designer Skald Forlag

## **Innholdet i boka:**

### **Del I – Tradisjonsbåten**

#### Historisk utvikling

##### **1 Frå steinalderen til svartedauden**

Frå stokkebåt til klinkbygd båt, tekniske framgongar: surra bordgangar, frå padling til roing, bruk av jarnsaum og segl.

##### **2 Båthandel over Nordsjøen**

Frå 1561-1861 dokumenterer skriftlege kjelder omfattande båthandel frå bygdene rundt Bjørnefjorden og over Nordsjøen til Shetland og Orknøyane.

##### **3 Båtbyggjarane kring Bjørnafjorden**

Bakgrunnen for Oselvarnamnet, om båtbyggjarane, kunnskapsoverføring frå far til son, byggjetid og produksjon.

#### Produksjon

##### **4 I skogen og på saga**

Utplukking, kjøp, felling av tømmeret i skogen. Transport, skjering, stabling og tørking.

##### **5 Byggjing av Oselvar**

Byggjeprosess, målesystem, verktøy og båtbyggjarar.

##### **6 Tilfar til Oselvaren**

Årer, tiljer, føreskor, tofter, ausekar, styre, beslag, mast, segl, tauverk, blokkjer, motorfeste, overgang frå råsegl til sprisegl.

#### Bruk

##### **7 Storleikar, levering og vurdering**

Storleiksnemningar, ulik form til ulik bruk, smørjing, pris, levering og prøvetur.

##### **8 Landskap, mannskap og reiskap**

Landskap, klima, båtbrukarane, båtbruk gjennom året og livet, eigedomstilhøva og kommandostruktur, infrastrukturen rundt båten, naustet, avgang.

##### **9 Bruk av båten**

Trim, roing, rigging, segling, orientering utpå, fiske, transport av folk, dyr og varer, byferd, fiskehandel på torget, fløttmenn og byvarer.

##### **10 Stell, avhending og nye tider**

Fortøyning, lending, tørking, båtstell, ulykker, forlis og jonsokbål, tekniske endringar, motoren, Nygaardsvoldsbåtar, priskontroll, plastbåt og veg.

## **Del II – Kappseglinga**

### **11 Frå levebrød til livsglede**

Lystbruk, vitskapleg båtfokus, fiskeriutstillinga 1865, Noreg sin første offisielle regatta.

### **12 Seglsporten organiserer seg i Bergen**

Regattaen på St. Hans 1871, Bergen Seilbaadforening stifta 1872, dei første klassereglane.

### **13 Opprigging og eksperimentering**

Båtlaget Ran stifta 1894, frå tursegling til regatta, kapprigging 1898-1910, nye klassereglar avgrensar seglarealet frå 1911.

### **14 Båtlag rundt kvart nes**

Ei rekkje lag kjem til mellom 1915-1938: Hjellestad, Arna, Hufteren, Møkster, Bergens Seilforening sin junioravdeling, Hundvåkosen, Lerøy, Fana, Milde, Kvalvaag, Njord/Tysnes, Stord og Breistein.

### **15 Forsøk på samarbeid i mellomkrigstida**

Fleire forsøk på fellesforbund i 1928, 1930 og 1939. Protestsituasjoner synleggjer sterk trong for ankeinstans og fleire av båtlaga drøymmer om ein stor fellesregatta.

### **16 Oselvaren og den andre verdskrigen**

Motstandskamp, Nordsjøkryssingar, tur- og regattasegling og falne seglarar og roarar.

### **17 Opptur med Seilersambandet**

Bergen og Hordaland Seilersamband stifta 27. august 1945, felles klasse, måle- og styringsreglar samt tvistemålsutval. Høgdepunkt med Småbåtlandsregattaene.

### **18 Kappseglinga i bølgedalar**

Båtlag somnar inn, tevling frå andre båttypar og naustbygging tærer på deltakinga. Strengare klassereglar og rekrutteringstiltak aukar deltakinga igjen. Omorganisering av seglsporten.

### **19 Nasjonal klasseklubb og NM-status**

Nasjonal klasseklubb, utbetring av klassereglar, bane- og rankingseglassar og Norgesmesterskap.

### **20 Oselvareseglinga dei seinare åra**

Samling i spriklassen, seglarveker på Tysnes og vekst i Austevoll, klassereglane omskrivne til internasjonal mal, tilbakegang i dei seinare åra.

## **Del III – Kapproinga og bergingsaksjonen**

### **21 Kapproing som Bergensfenomen**

17. mai-kapproing i Bergen frå 1847, roklubbar frå 1879 av, kulturkamp mellom bymann og stril.

### **22 Rosporten etter 1900**

Mange roklubbar etablert frå 1906-1932, meir tevling i båtbygging enn i kapproing, Vestlandsk Krets for Nasjonal Ro-idrett innfører standardisering av båtmateriellet.

### **23 Tak med snert vert til kviletak**

Nye romiljø i Odda og på Askøy. Stor aktivitet fram til 1960-talet, i dvale etter 1975.

## 24 Alarmen går

Båten hamnar på museum, i dokumentarfilm og i avisspaltene. Båtbygginga minkar i omfang, byggetradisjonen er i ferd med å døy ut.

## 25 Den første livbøya

Fleire uforløyste initiativ, Bergen Husflidslag sine to båtbyggjarkurs på Hordamuseet 1980-81 og 1981-82, fleire av kursdeltakarane freistar, men til slutt er det berre Harald Dalland og Nils Olav Solbakken som driv på med båtbygging.

## 26 Den andre livbøya

Svangerskap i fem akter og tre tiår, Oselvarverkstaden – viktig delmål i redningsaksjonen for Oselvaren. Stor interesse utanfrå, men heimebanen Hordaland er viktigast. For tida vert båten ståande mest i naustet – det er tid for å berga båtbrukaren.

## 27 Inspirasjonskjelda Oselvar

Mange har fått inspirasjon frå lettbygd trebåt med tre breie bord. Ei rundreise gjennom bilete, litteratur, dikt, film og reklame.

## Del IV – Bruksrettleiinga

### Bruk

- 28 Roing
- 29 Rigging
- 30 Tursegling
- 31 Kappsegling
- 32 Motorbruk
- 33 Sjømannskap
- 34 Transport

### Stell

- 35 Lagring
- 36 Stell og vedlikehald
- 37 Kjøp og sal

## Del V - Oppslagsverket

- 38 Styre og stell i Oselvarklubben
- 39 Vinnarar av juniorregattaer
- 40 Vinnarar av rankingpokalar
- 41 Medaljeoversyn Oselvar-NM
- 42 Sluttnotar
- 43 Ordtilfang med forklaringar
- 44 Illustrasjonsliste
- 45 Kjeldeliste
- 46 Register
- 47 Tidslinjer



Bergen, 23. april 2016

Kjell Magnus Økland  
[www.kjellmag.no](http://www.kjellmag.no)  
Org. nr. 992 868 651

Oselvarklubben  
[www.oselvarklubben.no](http://www.oselvarklubben.no)  
Org. nr. 987 327 162

Skald Forlag  
[www.skald.no](http://www.skald.no)  
Org. nr. 961 651 867

## Meir enn ei bok...

### Dugnadsprosjekt

- Frå ein organisasjon av Oselvarklubben sin storleik er ei slik satsing som bokprosjektet *Oselvar – den levande båten* svært uvanleg. Klubben er ein dugnadsdriven organisasjon med om lag 100 medlemmer og har til vanleg ikkje andre inntekter enn medlemskontingent og målegebyr, noko som utgjer langt mindre enn 10 000 kr årleg. I perioden 2004-2015 har Oselvarklubben sin bokkomite bidrege med om lag 500 dugnadstimar til bokprosjektet årleg. Denne innsatsen kjem i tillegg til den ordinære tidsbruken for å halda i gong den daglege drifta av Oselvarklubben.
- Bokprosjektet har satsa på ein samansett finansieringsmodell med ulike typar inntektskjelder: førehandssal av bøker, bidrag frå små, mellomstore og store verksemdar, offentlege midlar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, fond og legat.
- Tildelingar frå desse støttespelarane har gjort Oselvarklubben i stand til å tilby forfattaren stipend for omlag ei årsløn i perioden 2005-2007, samt refundere utgifter til reisekostnader, kopiering, innkjøp av materiell, etc i perioden 2004-2013. Sidan 2004 har forfattaren lagt ned tolv fulltids årsverk med prosjektet. I praksis vil dette seia at forfattaren gjennom fleire år har forsaka eigen yrkeskarriere og arbeidsinntekt.
- Den viktigaste økonomiske bidragsytaren til bokprosjektet så langt er forfattaren si kone, Karen-Maria Andersson. Hennar årelange positive innstilling har vore heilt avgjerande for at ein i dag komen så langt at mållina er i sikte. Ho er òg ein sentral bidragsytar som fotograf og språkgranskar.

### Kunnskapsprosjekt

- Boka representerer systematisering og tilgjengeleggjering av eit stort kunnskapsfelt
- Tilgjengeleggjering av kunnskap av delar av boka i form av særtrykk/hefter (til dømes er det planlagt at del III av boka, bruksrettleiinga, skal trykkjast som eit eige hefte i etterkant av bokutgjevinga)
- I etterkant av bokutgjevinga vert kjeldematerialet gjort tilgjengeleg i ein offentlig arkivinstitusjon
- Delar av det digitale biletmaterialet vil verta gjort tilgjengeleg på internett i etterkant av bokutgjevinga
- Delar av stoffet i boka er brukt i utstillinga i den nye båthallen til Hordamuseet. Forfattaren har vore sentral i utviklinga av utstillinga.
- Forfattaren har utforma søknaden for at Oselvarverkstaden og Oselvarkulturen skal nominerast til UNESCO-lista for gode vernepraksisar i immatrielt kulturvern. Våren 2015 har kulturdepartementet sendt nominasjonen til UNESCO i Paris. Dette er den første nominasjonen i denne kategorien i Norden.

### Språkgranskingsprosjekt

- Boka inneheld fyldig ordliste som òg rommar etymologiske forklaringar
- Brukar eldre nemningar knytt til båtbruk og båtbygging

### Systematiseringsprosjekt og arkivdanning

- Innsamling, registrering og systematisering av over 1500 ulike skriftlege kjelder
  - Innsamling av fleire tusen digitale fotografi, mange av desse er tidlegare upubliserte og somme strekkjer seg attende til fotografiets barndom
  - Intervju av over 500 informantar, fleire av desse har gått bort under arbeidet med boka
  - Registrering av over 80 båtteikningar, mange av desse er tidlegare upubliserte
  - Registrering av over 80 audiovisuelle kjelder
- Mykje av dette materialet har stort potensiale for etterbruk og systematiseringa vil ha stor nytteverdi for all vidare gransking på dette feltet.

### **Digitaliseringsprosjekt**

- Skanna over 4000 bilete frå negativ/dias/papiroriginal
  - Det er teke om lag 35 000 digitale fotografi til boka
  - Digitalisert over 15 timar med audiovisuelle kjelder
  - Digitalisert over 250 sider med kjeldetekst
  - Utarbeiding av digitalt register over båtteikningar
  - Nyteikning og digitalisering av over 100 båtteikningar
  - Regattaresultat: søkbar digital database med over 20 000 enkeltresultat frå 1871-i dag
  - Det er gjort avskrift av fleire tusen sider kjeldetekst til boka
  - Det er produsert over 30 tabellar til boka
  - Det er produsert over 20 digitale temakart/figurar til boka
- Dette materialet har stort potensiale for etterbruk.

### **Samarbeidsprosjekt**

– Bokprosjektet møter stor velvilje hjå ei rekkje ulike kontaktar: Oselvarmiljø, museum, kulturelle og idrettslege organisasjonar på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, medieverksemder og fotografar

(til dømes har fleire internasjonalt kjende fotografar, som mellom anna har arbeidd for publikasjonar som National Geographic, Classic Boats og Wooden Boat, stilt fotosamlingar til rådvelde for boka), arkivinstusjonar, offentlege organ og ikkje minst privatpersonar:

- |  |  |
|--|--|
| – Oselvarverkstaden, Os Båtbyggjarlag og Oselvarlaget  | – Bryggens Museum                            |
| – Ei rekkje seglmiljø både i og utanfor Hordaland  | – Norges Fiskerimuseum                       |
| – Kapproings- og kystlagsmiljø både i og utanfor Hordaland   | – Nordsjøfartsmuseet                         |
| – Ei rekkje lokalhistorielag, sogelag og mållag  | – Kystmuseet i Øygarden                      |
| – Internasjonale kontaktar i Danmark, Sverige, Shetland, Færøyane, Island, England, Irland, Frankrike og USA     | – Sunnhordland Museum                        |
| – Nasjonale Forbund som Norges Seilforbund, Forbundet Kysten   | – Stavanger Sjøfartsmuseum                   |
| – Norsk Handverksutvikling   | – Norsk Sjøfartsmuseum/Norsk Maritimt Museum |
| – Hardanger Fartøyvernssenter  | – Vikingskipsmuseet                          |
| – Bergen Filmutvikling v/Hans Kr. Bukholm  | – Shetland Museum & Archives                 |
| – Universitetet i Bergen   | – Bergens Tidende                            |
| – Hordamuseet  | – Seilmagasinet                              |
| – Bergen Sjøfartsmuseum  | – Statsarkivet                               |
| – Bergen Museum - Kulturhistoriske Samlinger   | – Universitetsbiblioteket/billedsamlingen    |
| + ei lang rekkje andre privatpersonar, verksemder og offentlege organ som det vil føra for langt å ramsa opp her | – Bergen Offentlige Bibliotek                |
|  | – Statsarkivet i Bergen                      |
|  | – Hordaland Fylkesarkiv                      |
|  | – Bergen Byarkiv                             |

### **Publisering undervegs av forfattere**

- Prosjektskildring for boka *Oselvaren - den levande båten* (14 sider i Årbok for Hjellevad og Milde Historielag 2007)
- *Den kompetente båtbrukaren - utdøydd eller utegløymt?* (2 sider i Bladet Kysten 3/2009)
- *Vi snakkast på fjorden!* (heilsides kronikk i Bergens Tidende 5. august 2009)
- *Frisk sigling gjennom 75 år* (to sider i Bladet Tysnes 12. august 2010)

- *I vesterlei med 1700 års båtsoge*  
(heilsides artikkel i Os & Fusaposten 30. juli 2011)
- Rapport om formidlingsprosjektet *I vesterlei med 1700 års båtsoge*  
(10 siders rapport på [www.kjellmag.no](http://www.kjellmag.no) 18. august 2011)
- *Oselvarbok og kapproing i tradisjonsbåtar?*  
(to heilsiders artikkel i Årebladet 2/2011)
- *Minneord Harald Dalland*, Bergens Tidende 27. mars 2014
- *Atlantisk kultursoge*  
(to sider i Bladet Kysten 4/2014)

### **Internasjonal interesse**

Sjølv om Oselvaren har sitt opphav og største utbreiing i Hordaland har bokprosjektet vekt interesse utanfor Noregs grenser:

#### Brest Maritime Festival 2008

Ei veke i juli kvart fjerde år er Brest i Frankrike åstad for verdas største maritime festival med eit publikum på over to millionar og fleire tusen tilreisande båtar og skip.

– Forfattaren vart invitert til båtbladet *Chasse Marée* sin fire dagar lange rundebordskonferanse *Bateaux et navigation* 12-15. juli 2008 der han heldt foredraget *Oselvar – a traditional boat with a future*, ein 45 minutt presentasjon/61 lysbilete på engelsk/fransk. Mellom dei som sat i salen var presidenten til Kroatia, Stjepan Mesić.

– Forfattaren var konseptutviklar og arrangør av Forbundet Kysten sitt seminaret *Safeguarding Intangible Maritime Cultural Heritage* ombord på M/S Sjøkurs under Norges Dag 13. juli. Seminaret tok opp korleis ein kan ta vare på immateriell kulturarv og vidareføra handlingsboren kunnskap.

#### Shetland Museum & Archives

– Under ei granskingsferd til Lerwick på Shetland i 2007, fekk forfattaren god kontakt med tilsette på museet og seinare òg med båtsamlinga Unst Boat Haven. Under eit seminar på Baroniet i Rosendal vart kontakten teken opp att og det er inngått avtale med Shetland Museum & Archives om utgjeving av eit tospråkleg illustrert særtrykk som omhandlar båthandelen over Nordsjøen på 1500-1800-talet. Dette særtrykket vil romma stoff som ikkje kjem med i boka om Oselvaren. I samband med lansering av særtrykket er det planlagt ein foredragsturné vestover.

– Forfattaren har òg bidratt til ei doktoravhandling ved NAFC Marine Center i Scalloway om utviklinga av Shetlandsk fiskeindustri med historisk informasjon og kjelder.

- I 2012-2015 er forfattaren bidragsytar på kjeldesida for ei doktorgradsavhandling der tema er interkulturelle objekt og regional identitet på Vestlandet og Shetland

- I 2013-2016 er forfattaren bidragsytar på kjeldesida for ei anna doktorgradsavhandling der tema er utviklinga av den Shetlandske båten.

#### Sail Husavik, Nordisk Kystkulturfestival på Island

Forfattaren var prosjektleiar for Forbundet Kysten sitt formidlingsprosjekt *I vesterlei med 1700 års båtsoge* under den nordiske kystkulturfestivalen Sail Husavik 16-23. juli 2011. Dette var første gong fullskala versjonar av Halsnøybåten (ca. 300 e. Kr), Gokstadværinga (ca. 900 e. Kr), ein råseglrigga Oselvar og ein moderne spriseglar har vore presentert saman. Innhaldet i prosjektet vart formidla gjennom foredrag på Færøyane og Island, utstilling og demonstrasjon av båtane på sjøen på Island. Prosjektet fekk merksemd av fjernsynstasjonar i fleire land.

#### Strawbery Banke Museum, Portsmouth New Hampshire, USA

30. mars 2016 heldt forfattaren foredrag på Strawberry Banke Museum i Portsmouth i New Hampshire, USA. Sjølv med berre halvannen veker marknadsføring møtte 80 personar frå minst tre ulike delstader på foredraget. Mange i salen var båtbyggjarar og eldstemann var ei båtbyggjarlegende på 100 år. Kontaktar frå dette møtet vil bli viktig for vidare formidling i USA.

## **Kunnskapsformidling undervegs**

Forfatteren har halde ei rekkje foredrag undervegs:

- Årsmøte i Fana Historielag, Hordamuseet 20. mars 2006
- Torgdagen, Bryggens Museum 10. juni 2006
- NM Oselvar, Storebø 29. juli 2006
- Årsmøte i Oselvarklubben, Mildnøstet 27. januar 2007
- Tysnes Husflidsmesse, Tysneshallen 27. mai 2007
- Hordamuseet si landliggje 2. september 2007
- 10 års jubileum Oselvarverkstaden, Bjørnefjorden Gjestetun 22. november 2007
- Chasse Marée sin rundebordkonferanse, Brest, Frankrike 15. juli 2008
- Overrekkjingsseremoni Norges Nasjonalbåt, Oselvarnaustet 21. august 2009
- Historisk Seminar, Baroniet i Rosendal, 12. september 2009
- Båtmessa *Båter i Sjøen*, Arenum i Solheimsviken 26-27. september 2009
- Opningseminar for innføring av immateriell kulturarv i Noreg, Maihaugen Lillehammer 3. desember 2009
- Opningseminar for nasjonalt register for leppe-kjeve-ganespalte-pasientar, Solstrand 4. desember 2009
- Medlemsmøte, Ytre-Arna Historielag, Arne Fabrikker 4. mai 2010
- Medlemsmøte, Bergen Rotary Klubb, Oselvarnaustet 10. mai 2010
- Siglarlaget Njord/Tysnes sitt 75-årsjubileum, Vonheim 14. august 2010
- Aktivitetsdag på museet, Bergen Sjøfartsmuseum 7. november 2010
- Årsmøte Bergens Seilforening, Fanteria på Fantoft, 23. februar 2011
- Sjøsetjing av seksæring, Oselvarverkstaden, 9. juni 2011
- Mottaking på Siglur Loftid, Tvøroyri på Suderøy, Færøyane, 13. juli 2011
- Bátar og bátasmiði, Gardarshólmur i Husavik på Island 20. juli 2011
- Hordaland Fylkeskystlag, Oselvarnaustet, 8. oktober 2011
- Sogesodd Tysnes Sogelag, Vonheim i Våge, 1. desember 2012
- Årsmøte Oselvarlaget, Oselvarnaustet, 10. mars 2013
- Orientering om bokprosjektet, Båthallen på Hordamuseet 5. november 2013
- Forbundet Kystens landsseminar, Tromsø 29. mars 2014
- Sveio Senioruniversitet, Vidgartun i Sveio, 31. mars 2014
- St. Magnus Conference, Lerwick, Shetland 10. april 2014
- Grunnlovsjubileet/Forbundet Kystens Landstevne, Forsvarsmuseet 18. juli 2014
- Grunnlovsjubileet/Forbundet Kystens Landstevne, M/S *Sjøkurs* 19. juli 2014
- European Maritime Heritage-conference, Workum Nederland 13. oktober 2014
- Hordaland Seilkrets, Byggen Tracteursted, 13. november 2014
- Båthallen, Hordamuseet 30. mai 2015
- Hordaland Fylkeskystlag kystlagstreff, Hissøyna, 20. juni 2015
- Ran Eintype Regatta, Anglevik 19. september 2015
- Norge på langs med Oselvar, Hordamuseet, 6. mars 2016
- Oselvarklubbens infomøte om Oselvarboka, Hjellestadnaustet, 10. mars 2016
- The Oselvar from Norway, Strawberry Banke Museum, Portsmouth (NH), USA, 30. mars 2016

## **Profileringsaktiviteter med utstilt Oselvar**

- Oselvarfestivalen på Os, august 2004-2009
- Torgdagen i Bergen 2005-2006
- Øyrane Torg, april 2006
- Båtmessa *Dra til sjøs*, Arenum 16-19. februar 2006
- Båtmessa *Båter i sjøen*, Arenum i Solheimsviken, 22-24. september 2006
- Hordaland Seilbåtmesse, Anglevik 20-22. oktober 2006
- Båtmessa *Dra til sjøs*, Arenum 15-18. februar 2007

- Brest Maritime Festival, 11-17. juli 2008
- Båtmessa *Båter i sjøen*, Arenum i Solheimsviken, 25-27. september 2009
- Kystkulturfestivalen *Sail Husavik*, Island 16-23. juli 2011

### **Brosjyrar**

- *Oselvaren - den levande båten*, 4 siders A5 fargebrosjyre presentert i 2004
- *oselvar.no*, 8 siders A5 fargebrosjyre presentert på Torgdagen 2006
- *The Oselvar from Norway*, 12 siders A5 brosjyre presentert under Brest Maritime Festival 2008
- *Oselvaren - den levande båten*, 4 siders A5 fargebrosjyre presentert i 2009
- *I vesterlei med 1700 års båtsoge i lasterommet*, 16 siders A5 fargebrosjyre til *Sail Husavik* 2011
- *Bok om Oselvaren*, 4 siders A5-brosjyre presentert i 2014

### **Båtfaglege seminar**

- Råsegelseminar, Norheimsund 21-24. september 2006
- 10-års jubileum Oselvarverkstaden, Bjørnefjorden Gjestetun/Hordamuseet 22-23. november 2007
- Safeguarding Intangible Maritime Cultural Heritage, Brest 13. juli 2008
- Bateaux et navigation, Brest 15. juli 2008
- Immatriell Kulturarv-seminar, Lillehammer 2-3. desember 2009
- Råsegelseminar, Nedstrand 16-19. september 2010
- Seminar Hordaland Fylkeskystlag, Vinnesvågen skule, Austevoll 21 mai 2011
- Båtar og båtasmíði, Gardarshólmur i Husavik på Island 20. juli 2011
- Vil tradisjonsbåten overleve? Forbundet Kystens landsseminar, Tromsø 28-30. mars 2014
- St. Magnus Conference, Lerwick, Shetland 9-12. april 2014
- European Maritime Heritage-conference, Workum Nederland 12-14. oktober 2014

### **Medieomtale**

- *Oselvarklubben fyller 60*, Bergens Tidende 27. august 2005
- *Oselvarklubben feirer 60 år*, [www.seilmagasinet.no](http://www.seilmagasinet.no) 27. august 2005
- *Oselvarklubben 60 år*, Os & Fusaposten 27. august 2005
- Intervju med Kjell Magnus Økland på NRK Hordaland si morgonsending 29. august 2005
- *Gammel båt med fremtid*, Seilas 3/2006
- *Vil erobre Brest*, artikkel på [www.bt.no](http://www.bt.no) 8. juli 2008
- *Stor oppmerksomhet til Oselvaren i Brest*, Bergens Tidende 15. juli 2008
- *Beundra båtbyggjarane i Brest*, Bladet Sunnhordland 18. juli 2008
- *Det er jo stas*, artikkel på [www.nrk.no/hordaland](http://www.nrk.no/hordaland) 19. juni 2009
- *Men Bergenserne vant i 1872*, Bergens Tidende 14. august 2009
- *Nasjonalbåten: Oselvar*, [www.midtsiden.no](http://www.midtsiden.no) 21. august 2009
- *Seilte opp som nasjonalbåt*, Nationen 22. august 2009
- *5 års jubileum for Båter til Sjø*, [www.baatavisa.no](http://www.baatavisa.no) 23. september 2009
- Fotoserie i Bladet Kysten 2/2010
- *NM i Norges Nasjonalbåt*, Seilmagasinet 4/2011
- *Første seksæring frå Oselvarverkstaden*, Os & Fusaposten 11. juni 2011
- *Endeleg eigen båt*, artikkel på [www.midtsiden.no](http://www.midtsiden.no) 9. juni 2011
- *Oselvarar til Island*, Os & Fusaposten 6. juli 2011
- *Oselvar-suksess på Island*, Bladet Tysnes 4. august 2011
- *Med båter i bagasjen*, Bladet Kysten 4/2011
- *Halsnøybåten*, Bladet Kysten 4/2011
- *Fortel om Norges Nasjonalbåt*, Vestavind 27. mars 2014
- *Vind i segla for Noregs nasjonalbåt*, Dagen 16. oktober 2014
- *Nasjonalbåt med vind i segla*, Nationen 17. oktober 2014
- *Snart i hamn*, Marsteinen 6. november 2014
- *Snart i havn – ti år bak skjema*, BergensAvisen 25. juni 2015

I tillegg kan det nemnast at arbeidet med boka om Oselvaren har avfødd eit tosifra tal avleggjararar i form av mellom anna artiklar, bøker og medieoppslag der andre aktørar har fått tips, låna bilete og stoff som har framkome som fylgje av bokarbeidet. Eit kort oversyn over dette ser slik ut:

<b>Årstal</b>	<b>har fått hjelp</b>	<b>bidragsmåte</b>
2016	Bjarne Møster	Fotobidrag og opplysningar til "Ein gong sjømann, alltid sjømann" - avisartikkel i Åsane Tidende 10. februar 2016
2015	Hjellestad og Milde Historielag	Bilete og tekst til «100 år i frisk bris – Hjellestad Seilforening 1915- 2015» - Liv og Lagnad i Neset – årbok for Hjellestad og Milde Historielag
2015	Bjørn Tomren	Blogg om rotur Norge på langs – <a href="http://www.bjornpaalangs.no">www.bjornpaalangs.no</a>
2015	Arne Hassel	Artikkel "Seilermiljøet i Bergen på begynnelsen av 1900-tallet" i Klassisk Treseilerklubb sitt medlemsblad Klassiske Linjer
2014	Peter Helland-Hansen	Opplysningar og bilete til boka "Strandebarmaren – Småbåtbygging i Hardanger"
2014	Tysnesfest	Kapproing - planlegging, organisering, filming av videoinnslag og faktaopplysningar
2014	Åsmund Kristiansen	Fortellinger om Norskekysten-heftet: "Den norske trebåten"
2014	Eldar Heide	Redigering av film om sjøsetjinga av seksæringen Babben på Hordamuseet
2014	Vidar Langeland	Kommentar på filmen "Oselvarverkstaden - a project on building and use of Oselvar boats"
2013	Dag Feldborg/ Eivind Falk	Fotobidrag i boka "Leve Kulturarven"
2013	Knut Sørnes	Fotobidrag i boka "Halsnøybåten"
2012	Alison Munro	Sitert fleire gongar i boka "Small boats of Shetland"
2010	Rolf Hermansen	Opplysningar og teksthjelp til historikk om Hordaland Seilkrets, publisert på <a href="http://www.hordaland-seilkrets.no">www.hordaland-seilkrets.no</a>
2007	Arne R. Hole	Opplysningar, teksthjelp og bilete til boka "Båter og Kystfolk"